

Høyringsuttale

Vil vi ha vekst og liv i bygdene våre – eller fråflytting og bygder som sakte døyr ut?

Forslag om skulesamanslåing og nedlegging av barnehagar er en effektiv måte å stanse mange av oss unge som vurderer å flytte heimatt. Eg er ein av mange i 20-åra som ønsker å komme heim, slå rot og bidra til framtidig vekst i kommunen. Men kva er det som møter oss?

Sentralisering og nedbygging av det som skal være grunnmuren i ei levande bygd – skule og barnehage.

Desse institusjonane er meir enn berre eit tilbod. Dei er hjartet i lokalsamfunnet – dei viktigaste møteplassane for barn, foreldre og frivilligheit. Når det forsvinn, riv ein også bort noko av fellesskapet, identiteten og tilhøyringa i bygda.

Eg har sjølv opplevd skulenedlegging, da eg som barn gjekk på Bøfjorden oppvekstsenter. Skulen vart lagt ned, og vi fekk beskjed om å gløyme den kvardagen og den trygge havna som hadde gjort oss så sterke. Eg hugsar det som ei opprivande oppleving – noko som gjekk hardt utover oss som barn, ei gruppe som ikkje kan tale for seg sjølv.

No er eg snart ferdigutdanna barnehagelærer, og skal søkje vidare på spesialpedagogikk. Kommunen treng oss unge – vi som vil tilbake, vi som vil jobbe, bu og bidra. Men da må det også være noko å kome heim til.

Det kan verke lett vint å samle alle barna på ein stad, men kva slags kvalitet får ein eigentleg når det allereie er mangel på areal og ressursar? For dei minste betyr det blant anna lange bussreiser, kor dyrebar tid til leik, kvile og fellesskap forsvinn. Som barnehagelærarstudent veit eg kor meiningsfull nettopp frileiken er for barnas utvikling og læring. Når ein stor del av dagen i staden går med til transport og stress, mister barna desse unike moglegheitene og erfaringane som vi veit er heilt grunnleggande for både trivsel og læring. Denne tida får dei aldri tilbake!

Derfor seier eg:

NEI til nedlegging av grendaskular og barnehagar!

Vi treng liv i bygdene – ikkje tomme bygningar og stille gater!

Mvh. Kristin Bøklep

